



## Høyringsuttale til Planprogrammet til Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv frå Knarvik sokneråd

Sak 21/6449

Viser til utlagt planprogram og til merknad frå Alver kyrkjelege fellesråd til samfunnsdelen av kommuneplanen. Planen er omfattande og er på mange område dekkande for det vidare planarbeidet. Men:

Kyrkja er ein viktig kulturberar i kommunen og treng å få sin plass i kommunedelplanen av fleire grunnar:

- Kyrkjene i Alver er av stor kulturverdi og vert drifta og vedlikehaldne for ein stor del ved kommunale tilskot. I mange bygder er desse av dei eldste offentlege bygga og står sentralt i folk si lokalkjensle. Vedlikehaldet vert planlagt og utført av kyrkjeleg fellesråd i kommunen.
- Kyrkjene er òg aktive på kultursida. Ikkje minst har Knarvik kyrkje vorte ei hovudkyrkje for dei store konsertane. Det vert i tillegg drive mykje kulturarbeid knytt til kyrkjene. Også her er samarbeid mellom kommunen, lag og organisasjonar aktuelt. I mange av kyrkjene er det eit omfattande kulturtilbod, med dels profesjonelle, dels amatørar som utøvarar. Eit omfattande korarbeid er berre eitt døme på dette. Mange stader er det òg møteplassar, der menneske i alle aldrar har det sosialt og byggjer nettverk, t.d. «Møteplassen for ungdom» i Knarvik kyrkje. Desse tilboda er i stor grad basert på frivillig innsats i kyrkjelydane, men treng i visse høve tilskot frå det offentlege for å kunna stå trygt.


Det er såleis ynskjeleg at følgjande vert tatt inn i planprogrammet:

- Under punkt 4 Hovudmål: Alver har ein viktig kulturarv i sine mange eldre kyrkjer, denne må hegnast om.

Framlegg til nytt innhald i avgrensing av innhald:

- Kulturminne m.m: Kyrkjene inn her.
- Kultur- og idrettanlegg: Kyrkja inn her òg
- Ideelle og frivillige aktørar: Kyrkja bør takast med

For Knarvik sokneråd

  
Synnøve Bjørndal  
Dagleg leiar